

Verneplan for skog

**Tilråding om
utviding i Drangedal kommune av Solhomfjell og
Kvenntjønnane naturreservat i Gjerstad kommune i Agder
fylke og Nissedal kommune i Vestfold og Telemark fylke**



Blåbæreikeskog i utvidingsområdet Foto: Stefan Olberg

**Fylkesmannen i Vestfold og Telemark
Juli 2020**

INNHALD

1. Framlegg	3
2. Heimel.....	3
3. Verneverdiar.....	4
4. Andre interesser	4
5. Trugslar mot verneverdiane	4
6. Sakshandsaming.....	4
7. Viktige endringar under handsaminga av verneplanen.....	5
8. Forvalting, økonomiske og administrative konsekvensar.....	6
9. Lokal og sentral høyring	6
9.1. Generelle merknader ved lokal og sentral høyring	6
9.2 Generelle merknader til forskriftene ved lokal og sentral høyring	6
9.3 Fylkesmannen sine kommentarar og tilrådingar til dei generelle merknadene.....	6
9.4 Merknader til det føreslegne området	6
9.5 Fylkesmannen sine kommentarar og tilrådingar til det føreslegne området	8

Vedlegg:

1 : Framlegg til forskrift for Solhomfjell og Kvenntjønnane naturreservat.....	9
--	---

Kart over Solhomfjell og Kvenntjønnane naturreservat, medrekna utvidinga i Drangedal, ligg som eige vedlegg

1. Framlegg

Fylkesmannen gjer med dette framlegg om vern av skog i privat eige i Drangedal kommune i Vestfold og Telemark fylke. Tilrådinga gjeld utviding av eit eksisterande naturreservat i medhald av naturmangfoldloven. Framlegget til vern er tufta på ordninga med friviljug vern av skog.

Området det gjeld er:

Namn på reservat*	Tal på eigarar	Kommune	Totalt areal (daa)	Verneverdi
Solhomfjell og Kvenntjønnane	1	Drangedal	3095	*** Nasjonal

*) Tabellen viser berre utvidingsareal og verdi for dette. Samlet areal for hele reservatet etter utvidelse er 44868 daa.

2. Heimel

Området vil bli verna som naturreservat med heimel i lov av 19. juni 2009 nr.100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven). I lova er det i §§ 35 til 39 gjeve heimel for ulike vernekategoriar. Generelle mål for områdevern fylgjer av naturmangfoldloven sin § 33. Føremålet med det einskilde verneområdet må likevel skildrast konkret og knytast opp mot vilkåra som gjeld for den einskilde vernekategori i §§ 36 og 37. Naturreservat er det strengaste vernet etter naturmangfoldloven.

Vedtak om oppretting av naturreservat vert gjort av Kongen i statsråd etter naturmangfoldloven sin § 37, som lyder slik:

”Som naturreservat kan vernes områder som

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,*
- b) representerer en bestemt type natur,*
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,*
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller*
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.*

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til områdets skjøtsel.”

Vurdering i høve til naturmangfoldloven kap. II

Med omsyn til kunnskapsgrunnlaget (jf. § 8 i nml.), så ligg det føre god dokumentasjon av arter og naturtypar i området, jf. omtala i kap. 3 Verneverdiar. Restriksjonane på inngrep og tiltak som verneføreseigna regulerer vil taka vare på verneverdiane, og den bruken som vert tillate vidareført vil ha liten negativ verknad på dei. På bakgrunn av det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre er vår vurdering difor at effekten av vernet på verneverdiane og naturmangfaldet i sum vil vera positiv. Ut frå denne konklusjonen ser vi det ikkje som naudsynt å gå nærare inn på prinsippa i naturmangfoldloven §§ 9-12.

3. Verneverdiar

Eit vern av området vil sikre areal med til dels store verneverdiar. Utvidingsområdet til Solhomfjell og Kvenntjønnane naturreservat har nasjonal verneverdi.

Verneframlegget er grunna på følgjande rapport:

Olberg, S., Gammelmo, Ø. 2019: Naturverdier for lokalitet Hyllhei-Rømmeltut, registrert i forbindelse med prosjekt Frivilligvern 2018. NaRIN faktaark. BioFokus. 8 s.

Føremål

Føremålet med utvidingsområdet er å supplere Solhomfjell og Kvenntjønnane naturreservat med eit område som inneheld førekomstar av rik lågurt-edellauvskog i låglandet og gamal eikeskog, med mange gamle og hole tre og store mengder daud ved.

Området har særskilt naturvitskapeleg verdi på grunn av sjeldne og truga arter av sopp, lav og insekt.

Etter Fylkesmannen si vurdering fyller området dei krava som naturmangfoldloven sin § 37 set for område som kan vernast som naturreservat.

4. Andre interesser

Planstatus for områda

Areala er LNF-område i arealdelen til kommuneplan for Drangedal.

5. Trugslar mot verneverdiane

Skogsdrift kan i delar av området vera ein trugsel mot verneverdiane. Ferdsel og beiting er ikkje noko trugsel i området i dag.

6. Sakshandsaming

Bakgrunn

Meld. St. 14 (2015 – 2016) Natur for livet legg opp til ei vidareføring av det langsiktige arbeidet med skogvern, mellom anna auka frivillig skogvern. Under handsaminga av meldinga bad Stortinget regjeringa sette mål om vern av både offentleg eigd skog og frivillig vern av privateigd skog til 10 % av skogarealet i landet. Naturfaglege evalueringar som ligg til grunn for prioriteringane i skogvernarbeidet er «*Evaluering av skogvernet i Norge*», NINA rapport 54/2002 og «*Naturfaglig evaluering av norske verneområder*», NINA rapport 535/2010.

Ved frivillig skogvern gjev grunneigarane Fylkesmannen tilbod om vern av aktuelle område. Det blir gjort naturfaglege registreringar og utarbeidd skogtakster for dei områda der det trengst. På grunnlag av tilbod og dei naturfaglege registreringane utarbeider Fylkesmannen forslag til avgrensing av verneområdet. Fylkesmannen utarbeider forslag til verneforskrift som blir sendt til grunneigarane for kommentarar. Miljødirektoratet utpeikar ein skogsakkyndig som får i mandat å forhandle med grunneigarane eller grunneigarane sin representant. Ved semje blir det utarbeidd avtale der erstatningssum, forslag til verneforskrift og avgrensing av verneområdet blir avklart.

Det vanlege er at når staten og grunneigar er einige om desse punkta vil området gjennomgå vanleg sakshandsaming i tråd med naturmangfoldloven. Etter avtale med grunneigar kan likevel melding og høyring av verneforslag gjennomførast før avtale er signert. Frå avtaletidspunkt og fram til vernevedtak gjeld ei vederlagsordning. Utbetaling av erstatningsbeløp skjer når vernevedtaket er fatta.

Konkret om området

Tilbod om friviljug vern vart motteke frå grunneigaren i desember 2017. Naturverdiane vart undersøkte i 2018.

Melding om oppstart

Formell melding om start på verneplanarbeidet blei sendt 23. januar 2020. Innkomne merknader blei kommentert i høyringsdokumentet.

Høyring

I samsvar med naturmangfoldloven og reglane om sakshandsaming til denne, sendte Fylkesmannen framlegget til vern ut på høyring 19. mai 2020 med frist 15. juli 2020. Det blei gjort ei felles lokal og sentral høyring. Det kom inn to fråsegner til lokal høyring og fem fråsegner til sentral høyring.

Vidare saksgang

På bakgrunn av høyringsdokumentet og innkomne fråsegner sender Fylkesmannen tilråding om vern til Miljødirektoratet. Til vanleg vil det på dette tidspunktet i verneprosessen vera starta forhandlingar og førebudd avtaler med grunneigarane. Truleg vil dette vere på plass til hausten.

Miljødirektoratet legg så saka fram for Klima- og miljødepartementet, som deretter vil førebu saka og gjera framlegg om vernevedtak for Kongen i statsråd. Etter vernevedtak ved kgl. res. vil erstatninga i tråd med underskrivne avtaler bli betalt ut av Miljødirektoratet. Fylkesmannen får etter det normalt i oppdrag å gjera vedtaket kjent lokalt og sørgje for at naturreservatet blir forsvarleg merka og skilta. Dette vert vanlegvis gjort ved at Fylkesmannen ber om grensegang ved jordskifteretten, som i dette høvet vil bli ved Nedre Telemark jordskifterett.

7. Viktige endringar under handsaminga av verneplanen.

Det vert ikkje gjort framlegg om endring av namn på eller avgrensing av området etter høyring.

8. Forvaltning, økonomiske og administrative konsekvensar.

Det er etter Fylkesmannen si vurdering ikkje trong for forvaltingsplan for dette området. Vern vil ikkje føre med seg stor trong for oppsyn.

9. Lokal og sentral høyring

Verneplanen vart sendt på lokal høyring til grunneigar, Drangedal kommune, Vestfold og Telemark fylkeskommune, og til følgjande brukarorganisasjonar, regionale statlege etatar, næringsinteresser og lokale interesseorganisasjonar :

Drangedal skogeierlag, Drangedal JFF, Drangedal Tørdal Bondelag, Drangedal everk, Skagerak Energi AS, Gautefall Turlag, Nedre Telemark Bonde- og Småbrukarlag, Forum for Natur og Friluftsliv Telemark, Naturvernforbundet i Telemark, NJFF Telemark, Norsk Ornitologisk forening avdeling Telemark, NVE Region Sør, Statens vegvesen Region sør, Telemark Bonde- og småbrukarlag, Telemark Bondelag, Telemark Botaniske forening, Telemark Orienteringskrets, Telemark Sau og Geit og Telemark Turistforening.

Verneplanen vart sendt på sentral høyring til:

AVINOR AS, Bane NOR SF, Den Norske Turistforening, Direktoratet for kulturminneforvaltning, Direktoratet for mineralforvaltning, Forsvarsbygg, Friluftsrådernes Landsforbund, Institutt for biovitenskap - Universitetet i Oslo, Kommunenes sentralforbund, Landbruksdirektoratet, Luftfartstilsynet, Natur og Ungdom, Naturvernforbundet, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Geologiske Undersøkelser, Norges Handikapforbund, Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Luftsportsforbund, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Norges Miljøvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat, Norsk Biologforening, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Forening, Norsk Friluftsliv, Norsk institutt for bioøkonomi, Norsk institutt for naturforskning, Norsk Organisasjon for terrengsykling, Norsk Orkideforening, Norsk Ornitologisk Forening, Norsk Sau og Geit, Norsk Zoologisk Forening, NORSKOG, NSB hovedadm., NTNU Fakultetet for naturvitenskap og teknologi, NTNU Ringve botaniske have, NTNU Vitenskapsmuseet, SABIMA, Språkrådet, Statens Kartverk, Statkraft SF, Statnett SF, Universitetets naturhistoriske museer og botanisk hage, Vegdirektoratet, WWF-Norge.

9.1. Generelle merknader ved lokal og sentral høyring

Lokal og sentral høyring

Ingen merknader.

9.2 Generelle merknader til forskriftene ved lokal og sentral høyring

Lokal og sentral høyring

Ingen merknader.

9.3 Fylkesmannen sine kommentarar og tilrådingar til dei generelle merknadene

Lokal og sentral høyring

Ingen kommentarar.

9.4 Merknader til det føreslegne området

Lokal høyring

NJFF-Telemark (brev dagsett 15.06.2020) uttalar *at dei ikkje har innendingar til verneforslaget, så lengje verneforskrifta ikkje får vesentlege endringar.*

Sentral høyring

Språkrådet (brev dagsett 22.05.2020) uttalar følgjande:

« Vi har ingen merknader til at namnet Solhomfjell og Kvenntjønnane naturreservat blir vidareført som namn på det utvida verneområdet. Skrivemåten er grei (Solhomfjell er einaste godkjente skrivemåte for det eine naturnamnet i SSR, og Kvenntjønnane er tilrådd skrivemåte for det andre) og namnet er framleis dekkande for området.»

Direktoratet for mineralforvaltning (brev dagsett 26.05.2020) har ingen merknader til verneforslaget.

Riksantikvaren (e-post dagsett 26.05.2020) syner til kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen og handsamar ikkje saka.

Bane NOR (brev dagsett 22.06.2020) har ingen merknader til verneforslaget.

NVE (brev av 29.06.2010) uttalar følgjande:

«Vi viser til forslag om vern for fem områder i Drangedal kommune mottatt 19.5.2020. Det er foreslått å verne tre nye områder: Søndre Gjeskefjellet sør, Ørnehallen og Østeråfjellet. Samtidig er det foreslått å utvide naturreservater Navassfjell og Solhomfjell og Kvenntjønnane.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har gått gjennom forslaget med tanke på energi- og vassdragsinteresser som eksisterende og planlagte energi- og nettanlegg, hydrologiske målestasjoner m.m. NVEs vurdering er basert på informasjon i NVEs Atlas.»

(Her følger eit avsnitt som berre gjeld Østeråfjellet naturreservat.)

«Det er ikke noen eksisterende eller fremtidige prosjekter i regional- eller sentralnett i de aktuelle områdene i de plandokumentene som NVE kjenner til. Statnett har gitt uttalelse i forbindelse med oppstartsmeldingen og har ikke noen anlegg som berøres av verneforslaget.

NVE har generelt ikke kjennskap til nettselskapenes planer for distribusjonsnett. Drangedal Everk har områdekonsesjon og kjenner bedre distribusjonsnett og fremtidige planer for utvidelse av distribusjonsnett. Drangedal Everk står på adresseliste til høringen. NVE forventer at nettselskapet gir tilbakemelding på aktuelle planer for distribusjonsnettet i de foreslåtte områdene.»

Fylkesmannen i Agder (epost dagsett 30.06.2020) uttalar følgjande:

«Fylkesmannen i Agder har gått gjennom verneplanen for utvidelse av de to naturreservatene Solhomfjell og Kvenntjønnane naturreservat og Navassfjell naturreservat som ligger i Gjerstad kommune. Vi har noen få innspill knyttet til utformingen av verneforskriftene for de to nevnte områdene.

I formålet i verneforskriften for Navassfjell ønsker vi at formålet skrives noe om, slik at vi får vidareført fra gjeldende forskrift at det gjelder et tilnærmet urørt naturområde. Vi ser positivt på konkretiseringen i formålet som fremhever verneverdiene knyttet til gamle grove eiketrær og den registrerte forekomsten av barlind. Når det gjelder verneformålet for Solhomfjell og Kvenntjønnane naturreservat mener vi at formålet i større grad bør fange opp verneverdiene knyttet til den internasjonale ansvarsskogtypen gammel eikeskog og at området har et rikt artsmangfold av sjeldne arter knyttet til gammel eikeskog. Det er også en skrivefeil i første linje i § 1 som bør rettes opp før tilråding.

Generelt merker vi oss at verneforskriftene ikke er i samsvar med den nyeste forskriftsmalen fra Miljødirektoratet. Utover enkelte spesifikke bestemmelser som er tatt med fra gjeldende forskrifter for de to utvidelsesområdene, mener vi at forskriftene med fordel kan tilpasses ny mal for de resterende bestemmelsene.

Ta gjerne kontakt om dere ønsker noen nærmere drøfting av innspillene. Vi ber om å få tilsendt kopi av tilrådingen når denne er klar.»

9.5 Fylkesmannen sine kommentarer og tilrådingar til det føreslegne området

Mindre språklege endringar og rettingar i forskriftene blir ikkje kommentert nærare. Større endringar og tilføyingar er vist i kursiv.

Når det gjeld uttalen frå Fylkesmannen i Agder så er verneforskrifta sin formålsparagraf tilpassa uttalen, og forskrifta er tilpassa Miljødirektoratet sin gjeldande forskriftsmal.

Konklusjon:

Fylkesmannen rår til at det utvida Solhomfjell og Kvenntjønnane naturreservat vert verna med avgrensing som vist i høyringa og endringar i verneforskrifta som omtala over.

Vedlegg 1

Forslag til forskrift for Solhomfjell og Kvenntjønnane naturreservat, Gjerstad kommune i Agder fylke og Drangedal og Nissedal kommunar i Vestfold og Telemark fylke.

Heimel: Fastsett ved kgl.res. med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, jf. § 37 og § 62. Fremma av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. (føremål)

Føremålet med naturreservatet er å taka vare på eit område som har særskilt verdi for biologisk mangfald med intakt og nær urørd lågareliggjande skog i boreonemoral sone, og med førekomst av særskilte naturtypar som gamal eikeskog med grove og hole eiker.

Området har særskilt naturvitskapeleg verdi grunna førekomst av sjeldne og truga arter av sopp, lav og insekt.

Det er ei målsetjing å behalde verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2. (geografisk avgrensing)

Naturreservatet omfattar delar av følgjande gnr./bnr.: Gjerstad kommune: 27/5 og 28/2. Nissedal kommune: 37/1, 39/1, 39/4, 39/5 og 41/3. Drangedal kommune: 42/1.

Naturreservatet dekker eit totalareal på.....dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Miljødirektoratet Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast i Gjerstad og Nissedal kommunar, hos Fylkesmannen i Agder, Fylkesmannen i Vestfold og Telemark, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. (vernereglar)

I naturreservatet må ingen gjera noko som skadar verneverdiane som er nemnde i føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødige forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.

- c. Området er verna mot alle tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, dumping av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske bekjempingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

§ 4. (generelle unntak frå vernereglane)

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Sanking av bær og matsopp.
- b. Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk.
- c. Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt.
- d. Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- e. Vedlikehald av eksisterande bygningar og anlegg som er i bruk og i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet.
- f. Vedlikehald og merking av eksisterande DNT-løype frå Sandvatn til Gautefall og Havrefjell Turlags blåmerka løype avmerka på vernekartet.
- g. Brenning av bål med tørrkvist eller ved ein har med seg, i samsvar med gjeldande lovverk.
- h. Forsiktig rydding av småbuskar og kvist på postar i samband med jakt på storvilt.
- i. Beiting.
- j. Utsetjing av saltsteinar.
- k. Vedlikehald av skogsbil- og traktorveg merka på vernekartet, i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet.

§ 5. (regulering av ferdsel)

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom eksisterande vegar og stiar.

§ 6. (generelle unntak frå reglane om ferdsel)

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er fastsett av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje for øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe.
Køyretøy som nyttast skal vere skånsame mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før transporten tek til.
- b. Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c. Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.

§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

- a. Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- b. Tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk.
- c. Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med anna køyretøy enn nemnt i § 6 andre ledd b.
- d. Hogst av etablerte plantefelt.
- e. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stigar og gamle ferdselsvegar.
- f. Etablering av nye stiar og anna enkel tilrettelegging for friluftsliv, så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.
- g. Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar som nemnde i § 3 d.
- h. Oppsetting og vedlikehald av gjerde i samband med beiting.
- i. Øvingskøyring for formål nemnt i § 6 første ledd.
- j. Uttak av ved til hytte i reservatet.
- k. Merking og preparering av skiløype.
- l. Bruk av naturreservatet i miljøtilpassa reiselivsverksemd, etter plan godkjent av forvaltningsmyndigheten.
- m. Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 e, j og k og § 7 a, b, d, h, k.

§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strid mot formålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9. (skjøtsel)

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10. (forvaltingsplan)

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11. (forvaltingsstyresmakt)

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12. (iverksetjing)

Denne forskrifta tek til å gjelde straks.

Samstundes vil forskrift FOR-2017-12-01-1881 om vern av Solhomfjell og Kvenntjønnane naturreservat, Gjerstad kommune i Aust-Agder og Nissedal i Telemark bli oppheva.

Kart over Solhomfjell og Kvenntjønnane naturreservat, medrekna utvidinga i Drangedal, ligg som eige vedlegg.